



## Notat

Vår referanse  
19/10076 20/8260

Dykkar referanse

Sakshandsamar  
Ole Magne Rotevatn

Dato  
26.06.2020

## Offentleg ettersyn - merknadssvurdering - Detaljregulering for Fosnavåg hamn - Nørvågen

### Detaljregulering for Fosnavåg hamn - Nørvågen 201901

SAMANDRAG AV INNKOMNE MERKNADAR VED OFFENTLEG ETTERSYN  
m/sakshandsamar sine kommentarar.

| Namn/adresse                   | Samandrag  | Kommentar  |
|--------------------------------|--|--|
| Statens vegvesen<br>09.06.2020 | <i>Ingen særskilde merknadar.</i>  |  |
| Kystverket<br>05.06.2020       | <p><i>Etter Kystverkets mening må reguleringsbestemmelsene (§3) i det nå framlagte planforslaget ha mer forpliktende innhold enn nå forelagte. Vi kan ikke se at hensikten med utdyping av bassenget er til stede dersom planbestemmelsene er så åpne at hele området innenfor kaier i praksis skal kunne tillates fullt ut bebygget med bare kontorbygg.</i></p> <p><i>Nest siste setning må tas ut. Jfr ny havne- og farvannslov gjeldende fra 1.januar i år. Tillatelser etter siste setning i bestemmelsene avgjøres nå av kommunal havnemyndighet i dette planområdet.</i></p> <p><i>Søknadsplikten (siste setning) i bestemmelsen gjelder forøvrig også alle formåla i planen, også for de områda som planlegges utfylt (nye landområder og kai).</i></p> <p>Kystverket har ein kommentar om snudiameter på dimensjonerande fartøy. Per i dag er det ikkje</p> | <p>Det er teke inn i føresegna av 70% av BKB skal vere næringsretta fiskeriformål og at kommunen kan avslå søknadar som ikkje har behov for nærheit til kai eller direkte tilgang til hamn. Herøy kommune meinar merknaden då er imøtekomen.</p> <p>Kystverket er endra til <i>kommunalt hamnemynde</i> i tråd med merknaden.</p> <p>Siste setning er flytta til § 2 Fellesføresegner.</p> <p>Merknaden er teke til vitande.</p> |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  | <p>snuradius for Smaragd (70m) grunna eit grunnareparti på 4,7 LAT i sørøstre del. Ved utdjuping når ein ønska snuradius, men dersom det ligg fartøy ved kai vil ein ikkje oppnå den ønska snuradiusen(status som i dag, men av anna årsak).</p>   |  |
| NVE<br>07.05.2020                          | <p><i>NVE ber kommunen om justere føreseggnene til omsynssone skredfare, slik at det kjem fram kva gjentaksintervall for skred faresona representerer i høve til tryggleiksklassane i TEK17 § 7-3.</i></p> <p><i>Sidan betongmuren sør for planområdet er ein føresetnad for kartlagt skredfare, meiner vi at det også må setjast krav til ny vurdering eller tiltak dersom funksjonen til muren vert endra.</i></p> <p><i>NVE ber kommunen avklare om områdestabiliteten for planområdet er tilfredsstillande før slutthandsaming av planen.</i></p>  | <p>Dette er retta i § 6 i føresegna.</p> <p>Det er stilt rekkefølgjekrav om ny vurdering før det kan gjerast tiltak på betonmuren nemnt i skredfarevurderinga.</p> <p>Sonderingar i geoteknisk datarapport viser at alle borepunkt i hamne treff berg på djupner mellom 0-16 m (borepunkt i heile hamna). Det er såleis ikkje tvil i kommunen si vurdering at det ikkje vil utløyse skred i strandsona med så grunne forhold. Det er også teke inn nytte krav til dokumentasjon av trygg byggegrunn før det vert gjeve løye til tiltak på deponiområdet.</p> |
| Møre og Romsdal fylkeskommune<br>13.05.202 | <p><i>Vi viser til Kystverkets fråsegn datert 05.06.2020, om at reguleringsbestemmingane (§3) i planforslaget som er lagt fram, bør ha meir forpliktande innhald enn det som ligg føre.</i></p> <p><i>Verken fylkeskommunen eller Museum Vest vurderer området til å ha høgt potensial for automatisk freda kulturminne, og har derfor ingen merknader knytt til dette området. Det er likevel mogleg at det ligg kulturminne i sjøen. Vi gjer derfor merksam på at tiltakshavar pliktar å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne.</i></p> | <p>Viser til kommentar til Kystverket sin merknad.</p> <p>Merknaden er teke til vitande.</p>   |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  |  |  |
| Fylkesmannen i<br>Møre og<br>Romsdal<br>22.06.2020 | <p>Føresegna knytt til omsynssona bør skildre gjentaksintervallet til skredfaren (5000-årsskredet). Vidare kan krav til tryggleik innanfor sona konkretiserast med tanke på tryggleikskrava i TEK17 § 7-3.</p> <p>Det er ein føresetnad for skredfarevurderinga at betongmuren held same standar som under synfaringa. Planen må sikre at betongmuren ikkje vert fjerna/endra slik at skredfaren mot planområdet aukar.</p> <p>ROS-analysen skal mellom anna avdekkje, og dokumentere, om planområdet er eigna til utbyggingsføremålet. Ut frå informasjonen i ROS-analysen og andre vedlagte dokument, er vi usikre på om dette er tilstrekkeleg avklart med tanke på grunnforholda. Kommunen må vere trygg på at arealet kan nyttast som regulert, eventuelt setje krav til tiltak og krevje dokumentasjon i byggesak på at tiltak er plassert/prosjektert/utført slik at ein oppnår tilfredsstillande tryggleik mot skade eller vesentleg ulempe.</p> <p>Føresegnene må gi rammer for støy frå planområdet, både når det gjeld anleggsperioden og driftsperioden. Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, T-1442/2016, tabell 4 og 5, gir rammer for anbefalte støygrenser for bygg og anleggsverksemnd. Desse støykrava må leggast inn i føresegnene til planen. Likeeins må støygrensene for driftsfasen, gitt i tabell 3 også konkret refererast i føresegnene. Vi legg til grunn at dette blir gjort før planen blir vedteken.</p> | <p>Viser til kommentar til NVE sin merknad. Føresegna er presisert slik NVE og Fylkesmannen påpeikar.</p> <p>Viser til kommentar til NVE sin merknad. Føresegna er presisert slik NVE og Fylkesmannen påpeikar.</p> <p>Viser til kommentar til NVE sin merknad. Føresegna er presisert slik NVE og Fylkesmannen påpeikar og stiller krav til at før det vert gjeve løyve til tiltak skal det dokumenterast trygg byggjegrunn.</p> <p>Det er innarbeida konkrete støykrav i føresegnen til reguleringsplanen.</p> |

|  |  |  |
|--|--|--|
|  |  |  |
|  |  |  |
|  |  |  |
|  |  |  |

Med helsing

Ole Magne Rotevatn  
avdelingsleiar utvikling

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur